

Åseral kommune
PLANPROGRAM FOR
KOMMUNEPLANENS AREALDEL
2023-2034



Innhald

01	Bakgrunn.....	4
1.1	Hensikta med planprogrammet	4
1.2	Hensikta med revisjonen av arealdelen av kommuneplanen	4
02	Overordna rammer og føringar	5
2.1	Nasjonale føringar	5
2.2	Regionale planar og føringar	7
2.3	Kommunale planar og føringar	8
2.4	Andre relevante rettleiarar	9
03	Gjeldande arealdel av kommuneplanen	10
3.1	Om den gjeldande planen	10
3.2	Problemstillingar med gjeldande plan	12
04	Arealstrategiar – rammer for planarbeidet.....	13
05	Utgreiingsbehov	16
5.1	Arealrekneskap	16
5.2	Krav om konsekvensutreiing	16
5.3	Utreiingstema	17
5.4	Sentrale utgreiingstema	18
5.5	Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)	18
06	Planprosessen – medverknad, organisering og framdrift	19
6.1	Medverknad	19
6.2	Organisering av arbeidet	20
6.3	Framdrift.....	21
07	Viktige problemstillingar for miljø og samfunn.....	22
7.1	Stadutvikling	22
7.2	Klima og naturfarar.....	23
7.3	Naturmangfald	23
7.4	Bygningar og landskap.....	23
7.5	Kulturminne.....	24
7.6	Støy.....	24
7.7	Teknisk infrastruktur	25
7.8	Trafikk.....	25

01 Bakgrunn

Kommunestyret i Åseral vedtok den 10.12.2020 planstrategi for komande planperiode. I planstrategien vart det peika på dei utfordringane Åseral kommune står overfor, både som arbeidsgjevar, tenesteytar, samfunnsutviklar og forvaltningsmynde. Revisjon av kommuneplanen var eit av dei grepa som vart vedtatt i planstrategien.

Kommuneplanen består av to delar; ein samfunnsdel og ein arealdel. Samfunnsdelen er kommunen sitt viktigaste strategiske styringsdokument. Planen set langsiktige mål og peikar ut strategiar for samfunnsutviklinga og kommunen som organisasjon. Kommunen sine langsiktige arealstrategiar skal også vedtakast i samfunnsdelen. Arealdelen til kommuneplanen skal sikra at arealbruken støttar opp om og bidreg til å nå dei overordna måla som er fastsett i samfunnsdelen. Arealdelen er juridisk bindande og styrande for meir detaljerte arealplanar og utbyggingstiltak.

Ny samfunnsdel for Åseral vart vedtatt i kommunestyret 09.02.2023. Arealdelen skal nå rullerast, og dette dokumentet utgjer planprogrammet til arealdelen.

1.1 Hensikta med planprogrammet

Eit planprogram er ei prosjektskildring av ein komande planprosess. Dette planprogrammet gjeld revisjon av arealdelen av kommuneplanen for Åseral kommune 2024-2034. Planprogrammet vil omtale planarbeidet sitt formål, organisering, medverknad, framdriftsplan, føringar og behov for utgreiingar.

1.2 Hensikta med revisjonen av arealdelen av kommuneplanen

Hensikta med revisjonen av arealdelen, er å ha eit oppdatert styringsdokument for kommunen sitt areal. I all hovudsak fungerer dagens arealplan som eit godt styringsverktøy. Det er likevel aktuelt å ta ein revisjon av planen, sidan han er blitt såpass gamal. Det er mellom anna behov for ein arealdel som i større grad følgjer opp mål og strategiar i samfunnsdelen. I tillegg får ein med revisjonen endra på uheldige formuleringar og arealføremål som ikkje fungerer så godt.

Kommunedelplanane for Bortelid og Ljosland skal vidareførast, og områda innanfor desse planane er med andre ord ikkje ein del av rulleringa.

Plan- og bygningsloven §11-13 set krav om at det skal utarbeidast eit planprogram for arealdelen av kommuneplanen. Føremålet med planprogrammet er å gjere greie for føremål, premisser, rammer, opplegg for medverknad og framdrift i planprosessen. Vidare skal planprogrammet fastsetje kva forhold som skal utgreiast og/eller skildrast nærmare i planforslag med konsekvensutgreiing.

02 Overordna rammer og føringar

2.1 Nasjonale føringar

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027

Kvart fjerde år legg regjeringa fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Her blir det lagt føringar for kva tema som skal vektleggast i den kommunale planlegginga, slik at denne kan skje effektivt og til det beste for innbyrggarane.

Regjeringa legg vekt på desse prioriteringane:

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap

Regjeringa har ambisiøse mål for klima, miljø og berekraft. Regional og kommunal planlegging er gode verktøy for å utvikle eit meir berekraftig samfunn og til å vege interesser og omsyn mot kvarandre. 2030-agendaen med dei 17 berekraftsmåla dekkjer alle samfunnsområde, og kan bidra til gode prioriteringar i usikre tider. Noreg har slutta seg til 2030-agendaen med 17 mål for å fremje ei sosialt, miljømessig og økonomisk berekraftig utvikling. På figuren nedanfor er 16 av berekraftsmåla fordelt på desse tre formene for berekraft. Berekraftsmål nummer 17, «Samarbeid for å nå måla», gjeld for alle tre formene.



Figur 1: FN sine berekraftsmål kategoriserer på dei tre områda «miljø», «økonomi» og «sosiale forhold». Kjelde: Azote Images for Stockholm Resilience Centre

Berekraft

Økonomisk berekraft handlar om å sikre økonomisk vekst og produksjon med så lite trykk på natur og miljø som mogleg. **Miljømessig berekraft** handlar om å ta omsyn til naturen sin bereevne. For å lykkast med dette må vi bli meir medvitne og handlekraftige. **Sosial berekraft** handlar om at alle skal ha lik tilgang til mellom anna arbeid, bustad, utdanning, kultur og deltaking i samfunnet. Fysiske omgjevnadar og det bygde miljøet er med på å skape rammar for lokalsamfunnet og er viktige for våre moglegheiter til å delta i det sosiale livet.

Nedanfor visast berekraftmåla som Åseral kommune vil satse spesielt på i komande planperiode. Desse berekraftsmåla er vald ut i planprosessen fordi dei er svært relevante for kommunen, og er direkte kopla mot måla kommunen har satt seg.



Figur 2: Berekraftsmål Åseral kommune vil satse spesielt på i komande planperiode

Statlege planretningslinjer

Statlege planretningslinjer nyttast for å konkretisere nasjonalt viktige planleggingstema. Retningslinjene er tydelege på kva mål og verdiar som skal liggje til grunn for planlegginga, og korleis ein skal ta hand om og avvege ulike interesser og omsyn. Følgjande Statlege planretningslinjer legg viktige føringar for arealdelen:

- **Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014)**

Hensikta med retningslinjene er å oppnå samordning av bustad-, areal- og transportplanlegginga og bidra til meir effektive planprosessar.

Retningslinjene skal bidra til eit godt og produktivt samspel mellom kommunar, stat og utbyggjarar for å sikre god stads- og byutvikling.

- **Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)**

Føremålet med retningslinjene er at kommunane, fylkeskommunane og staten gjennom planlegging og anna utøving av myndigheit, skal stimulere og bidra til reduksjon av klimagassutslepp, samt økt miljøvenleg energiomlegging. Planlegginga skal også bidra til at samfunnet vert førebudd på, og tilpassast til, klimaendringane.

- **Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga (1995)**

Retningslinjene er ein del av den norske tilrettelegginga for å oppfylle FN sin barnekonvensjon. Retningslinjene skal synleggjere og styrke barn og unge sine interesser i all planlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova.

2.2 Regionale planar og føringar

- **Regionplan Agder 2030 (2019)**

Regionplanen sitt hovudmål er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig region i 2030 – eit attraktivt lågutsleppssamfunn med gode levekår. Regionplanen har fem hovudsatsingsområde:

- Attraktive og livskraftige byer, tettstader og distrikt
- Verdiskaping og berekraft
- Utdanning og kompetanse
- Transport og kommunikasjon
- Kultur

I tillegg har planen tre gjennomgåande perspektiv som samsvarar med dei tre dimensjonane av berekraft i hovudmålet:

- Næringsutvikling og samarbeid om nye arbeidsplassar
- Levekår, likestilling, inkludering og mangfald
- Klima og miljø

- **Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen) (2014)**

Heiplanen gir mål og retningslinjer for framtidig forvaltning av området. Det er i første rekke omsyn til villreinen som er avklart i denne planen. Dette betyr at andre arealsomsyn (som natur, kulturminne/-miljø, friluftsliv, landskap, osv.) ikkje er avklart. Nemnde omsyn skal ivaretakast gjennom ordinær kommuneplanlegging.

- **Regional plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2014-2020 (Vest-Agder) frå 2014**

Planen skal bidra til å utvikle Agder til ein ledande region når det gjeld folkehelsearbeid. Det skal utarbeidast ny plan for fysisk aktivitet, idrett, friluftsliv og folkehelse for hele Agder. Arbeidet er planlagt startet opp i 2023.

2.3 Kommunale planar og føringar

- **Samfunnsdelen av kommuneplanen (2023-2034)**

Åseral kommune har følgjande visjon: «Åseral – ei positiv kraft». Den overordna målsettinga er at «Alle i Åseral skal oppleve god livskvalitet og vere godt rusta til å møte framtida». Verdiane til kommunen er «særprega», «venleg», «aktiv» og «romsleg».

Eit viktig grep i samfunnsplanen er innarbeiding av FN sine berekraftsmål. Samfunnsdelen er også innretta i tråd med Regionplan Agder 2030. Samfunnsdelen har følgjande hovudsatsingsområde:

- Attraktiv og livskraftig kommune
- Verdiskaping og berekraft
- Transport og kommunikasjon
- Utdanning og kompetanse
- Kultur

Samfunnstryggleik og beredskap, samt strategiar for kommunen som organisasjon, er òg tema som blir omtala spesielt i samfunnsdelen.

I samfunnsdelen er det i tillegg fastsett føringar og konkretisert tema og mål for utarbeiding av arealdelen av kommuneplanen.

- **Overordna ROS-analyse, Åseral kommune (2019)**

I den heilskaplege ROS-analysen for Åseral kommune, er forhold knytt til risiko og sårbarheit i lokalsamfunnet kartlagt på eit overordna nivå. ROS-analysen beskriv tilstander, trugslar og konsekvensar, i tillegg til å innehalde forslag til førebyggjande og avhjelpande tiltak. Risiko som må få eit særskilt fokus i arealplanlegginga knyter seg i hovudsak til klimaendringar, flaum, ras- og skred, overvatn, dambrot, trafikktryggleik og vassforsyning. Det er peika på ein del tiltak som er relevante for arealdelen av kommuneplanen i den overordna ROS-analysen:

- Kartlegging av flaum, ras- og skredutsette område/objekt
- Utarbeide flaumsonekart for aktuelle sidevassdrag
- Restriksjonar på nye tiltak i flaumsone
- Bevisst arealplanlegging i forhold til flaum, ras og skred, i samband med klimaendringar og i forhold til nedbørsfelt for vassforsyning
- Sikring av vasskjelder (klausulering m.v.).
- Omlegging og utbetring av utsette vegstrekningar

- **Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2016-2019 (2016-2027)**
Kommunedelplanen er eit styringsverktøy for å kartleggje, synleggjere og vurdere om kommunen har nådd måla sine innanfor området idrett og fysisk aktivitet. Sentralt i planen er å få avdekka kva anlegg og aktivitetar som er til stades i kommunen, og om desse dekker behova.
- **Kulturminneplan Åseral kommune (2020-2025)**
Kulturminneplanen er kommunen si oversikt over viktige kulturminne og kulturmiljø. Han inneheld også ein plan for forvaltninga av desse. Planen gir kunnskap om fortida og avklarar kva kulturminne ein skal ta vare på i framtida.
- **Trafikksikkerheitsplan for Åseral kommune**
Vert godkjent våren 2023.
- **Åseral kommunes innspel til handlingsprogram fylkesvegar 2021-2024**


2.4 Andre relevante rettleiarar

- **Planlegging for spredt bolig-, fritids- og næringsbebyggelse i landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområder (2020).** Rettleiaren klargjer forutsetningane for spreidd bolig-, fritids-, og næringsbebyggelse i kommuneplanens arealdel.

03 Gjeldande arealdel av kommuneplanen

3.1 Om den gjeldande planen

Gjeldande arealdel vart vedteken i 2011. Sjølv om planen er forholdsvis gamal, fungerer han i all hovudsak som eit godt styringsdokument. Det er likevel aktuelt å få oppdatert planen, og å endre på formuleringar og arealføremål som har vist seg å ikkje vere hensiktsmessige. Det er også behov for å ha ein arealdel som følgjer opp mål og strategiar som er lagt til grunn i ny samfunnsdel.



Figur 3: Gjeldande plankart for Åseral kommune (2011-2020)

I gjeldande arealdel ligg det inne store LNFR-område. Dette inkluderer nåverande og framtidige område avsett til LNFR. I fleire av LNFR-områda er det tillat med spreidd bustadbygging, næringsbygg og fritidsbustader. Desse områda følgjer hovudsakeleg dalane og hovudferdselsårane i kommunen. I dei tilhøyrande føresegnene er det fastsett kva type og kor mange bygg det kan plasserast på ulike eigedomar.

I plankartet er ein del område regulert til høvesvis «Bustader» og «Fritidsbustader» under hovudføre målet «Bygningar og anlegg». Ein del av bustadføre måla er samla nært sentrum i Kyrkjebygd. Her er det også avsett areal til sentrumsformål. Det er i tillegg nokre mindre bustadfelt rundt i kommunen. I gjeldande plan er det ei overordna målsetning å oppretthalde og styrke busetnad i grendene i kommunen. Samstundes ønskjer ein å leggje til rette for spreidd bustadbygging også utanfor desse felta. Når det gjeld område for fritidsbustader, er desse fyrst og fremst konsentrert til Ljosland, Bortelid og Eikerapen. Her er det avmerkt større felt, der ein satsar på høg utnytting av arealet.

Det ligg inne ein del areal til næring nært Kyrkjebygd og Eikerapen. Nordaust for Kyrkjebygd er Toddemoen lokalisert. Dette er eit større næringsområde der plasskrevjande næringsverksemd kan etablerast. Ved Eikerapen er det avsett areal til næringsføre mål i forbindelse med alpinanlegget. Litt nord for Eikerapen ligg eit kraftverk som også er regulert til næring. I Kyrkjebygd er det elles avsett eit større areal til idrettsanlegg som inkluderer Åseral idrettspark. Ved Ljosland og Bortelid er alpinanlegga regulert til same føremål. Når det gjeld offentleg eller privat tenesteyting, er skulen og barnehagen i Kyrkjebygd avsett til dette. Det same er tilfellet for Åseral kyrkje og Rådhuset.

Det er teikna inn ein del omsynssoner i plankartet i dag. Gjennom kommunen, langs dalføre og vatn, er det avsett omsynssoner for flaum- og rasfare. Lengst vest i kommunen er eit større areal merka som bandleggingssone etter lov om naturvern. Sona omfattar Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde (SVR). Dette er eit område som er freda etter lov om naturvern. Andre område som er avsett med same type omsynssone, er Hovassdalen naturreservat og Skorskog naturreservat. Vidare ligg det inne omsynssone for friluftsliv. I følgje føresegna er det i her tillat med tiltak som fremmer friluftsliv/-aktivitetar, så lenge tiltaka ikkje er til hinder for ålmenta si bruk av områda. I tillegg til dette, er det fleire omsynssoner for kulturminne og kulturmiljø. Denne type omsynssoner ligg spreidd litt ulike stader i kommunen, og sikrar at forskjellige kulturminneomsyn vert ivaretatt.

3.2 Problemstillingar med gjeldande plan

Det er planlagt å vidareføre hovudlinjene frå gjeldande kommuneplan når det gjeld arealbruk. Samstundes er det ein del utfordringar med arealdelen som ein vil rette opp i ved rulleringa. Forvaltning av planen viser at det er behov for utfylling og endring av føresegn og plankart for enkelte arealføremål. Nedafor er det gjeve døme på slike utfordringar. Andre justeringar eller tilpassingar av føresegn og plankart vil også kunne vere aktuelle.

Føresegn

LNFR-område (lysegrøne i plankartet)

- I dag blir det søkt om mange dispensasjonar i LNFR-område (lysegrøne i plankartet), på tomter som allereie er bygd på.
 - o Det er eit ønskje å få vurdert om det kan leggjast inn nye føresegner som opnar for tilbygg/bod/garasje til bustadhus og eventuelt frådelt fritidshus, slik at desse kan oppførast utan at ein treng dispensasjon. Det må i så fall settast tydelege rammer for slike tiltak.
- Ein manglar gode føresegn med tanke på bygningar i LNFR-område når det kjem til materialval, høgde og utforming elles.

LNFR-område (mørkegrøn)

- Føresegn for fritidsbustader i LNFR-område (mørkegrøn) bør endrast. Ein må gå igjennom desse og sjå meir konkret på kva som bør endrast. Nokre døme:
 - o Føresegn om storleik
 - o Føresegn om utforming som takform og materialbruk
 - o Føresegn om plassering og terrenginngrep

Generelle føresegner

- Det er behov for å gjere ei vurdering av moglege føringar for private solcelleanlegg som gjeld omfang, storleik og utforming. Frem til no har ein tatt dette via dispensasjon, då det har vert snakk om mindre anlegg. Sentrale spørsmål å drøfta:
 - o Kor store må frittstående anlegg vere før ein skal krevje ein plan?
 - o Bør det leggjast inn føresegn med tanke på utforming? (Eit døme kan vere føresegn om at solcella skal vere «ikkje-reflekterande»).
- Tilsvarande manglar det gode føresegn når det kjem til oppføring av små vindturbinar.

Arealføremål

- I dag er det satt av eit forholdsvis stort areal til fritidsbusetnad på Eikerapen. Arealet som er avsett bør reduserast.
- Det er nødvendig å vurdere om område som er avsett til bustadbygging, og som ligg lite sentralt til, skal vidareførast. Døme kan vere bustadfelt på Egså/Flystveit.
- Mørkegrøne LNFR-område til fritidsbusetnad som allereie er bygd på
 - o Det bør takast ein gjennomgang av alle desse områda å vurdere om arealføremåla bør endrast.

04 Arealstrategiar – rammer for planarbeidet

Med utgangspunkt i samfunnsdelen, har ein følgjande overordna mål for arealdelen:

- Arealplanlegginga skal fremje bulyst og lokale arbeidsplassar i kommunen.
- Arealplanlegginga skal sikre eit attraktivt Kyrkjebygd sentrum og levende grender.

Det er satt føringar for ulike tema i arbeidet med arealdelen. Dei er som følgjer:

Føringar for stadutvikling, attraktivitet og bukvalitet

- Det skal leggest til rette for eit differensiert bustadtilbod slik at det er attraktivt å bu i heile kommunen; både sentrumsnært og spreidd knytt opp mot grendene i kommunen.
- Kommunen skal legge til rette for aldersvennlege leilegheiter i Austrud.
- Spreidd bustadbygging i LNF-områda er ynskjeleg.
- For å gjere ei god vurdering av lokale tilhøve skal det utarbeidast ein temaplan for «framtidens landbruk i Åseral» der all dyrka, overflatedyrka mark og beiteareal i kommunen skal kartleggast og vurderast. Temaplanen vert utarbeida i samband med arealdelen.
- Stadlege kvalitetar som kulturminne, kulturmiljø og grønt skal utnyttast som identitetsbyggande element i sentrumsområdet, grender og reiselivsdestinasjonane.
- Kyrkjebygd skal styrkast som kommunesentrum med gode utemiljø og møteplassar for innbyggjarar og vitjande.
- Kyrkjebygd, Lognavatn grendehus og Kylland grendehus skal fungere som møteplassar i sine lokalmiljø. Øvrige mindre grender og lokalsamfunn skal stimulerast til å utvikle møteplassar tilpassa lokale tilhøve, og kommunen skal vere ein aktiv støttespelar for grendene.



Figur 4: Utsikt sørover frå Kyrkjebygda. Kjelde: Åseral kommune

- Alle større bustadfelt skal ha leike- og uteareal av god kvalitet. Fellesareal og infrastruktur i eksisterande bustadfelt skal fornyast og oppgraderast for å auke attraktiviteten.
- Det skal vere lett tilgang til nærfriluftsområde frå alle større bustadområde, spesielt viktig er dette kring Kyrkjebygd sentrum.

Føringar for næring og verdiskaping

- Prioritere næring i sentrumsutviklinga av Kyrkjebygd og reiselivsdestinasjonane.
- Næringsetableringar skal lokaliserast etter lokale tilhøve (rett verksemd på rett stad).
- Verksemdar med plasskrevjande varer/industri/større næringsverksemdar skal i hovudsak lokaliserast på Toddemonen eller tilsvarende område satt av til næring/industri i arealdelen.
- Innarbeide framtidsetta område for akvakultur.

Føringar for utmarksforvaltning (LNF-områda)

- Jordbruks- og skogbruksnæringa sitt arealgrunnlag skal takast vare på og det skal leggjast til rette for vidareutvikling av eksisterande drift. Tilleggsnæringar skal ivareta lokale naturverdiar og naturmiljø.
- Forvalte løypenett og turmål gjennom å lage ein besøksstrategi i kommunen der ein vurderer styring av ferdsel for å ivareta beitedyr, sårbare artar og sårbar natur. SVR (Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Frafjordheiane landskapsvernområde) og Heiplanen vert synleggjort i arealdelen som omsynssoner.



Figur 5: Skjerka vasskraftverk. Foto: Agder Energi

Føringar for infrastruktur

- Areal og transportutvikling for fylkesvegar inn i kommunane skal samordnast med nabokommunane for å få til gode og framtidretta løysingar.
- Legge inn areal til utbetring av flaskehalsar i eksisterande vegnett.
- Det skal vere enkelt og trygt å velje sykkel som framkomstmiddel i alle delar av kommunen der dette let seg gjere.
- I Kyrkjebygd skal transport til sentrum, arbeidsplassar, aktivitetar, barnehage og skule i større grad enn nå foregå til fots eller med sykkel. Det skal vere fokus på gang- og sykkelveggar og trygg ferdsel for mjuke trafikantar

Føringar for klima og berekraft

- Areal til nye fritidsbustader skal fortrinnsvis løysast som fortetting i allereie utbygde område eller leggst inntil eksisterande felt.
- Setje av areal til kjeldesorteringsanlegg i reiselivsdestinasjonane.
- Fokus på berekraftige løysingar for betre naturtilpassing, besparande energiløysingar, arealeffektivitet/avgrense storleik og ivaretaking av biologisk mangfald ved utbygging av fritidsbustader.
- Finne eigna areal til felles energianlegg i regulerte hyttefelt, samt gjenbruka opparbeida areal (til dømes massetak, industriområde, parkeringsplassar o.l.) til anlegg for fornybar energi.
- Legge til rette for areal til ENØK-tiltak.
- Setje av areal til nye mobilitetsløysingar.
- Kommunen skal vere ein trygg stad å bu, med omsyn til naturfarer og eit klima i endring.
- Vidareføre Åseral sine lange tradisjonar for seterstruktur i tilknytning til gardsbruka for å sikre god forvaltning og lokalkunnskap for berekraftig landbruk, jakt, friluftsliv og rekreasjon.

05 Utgreiingsbehov

5.1 Arealrekneskap

Det skal utarbeidast eit arealrekneskap som ein del av kommuneplanarbeidet. Arealrekneskap er eit verktøy som gjer kunnskap om kommunen sin arealbruk.

Eit arealrekneskap i kommuneplanen kan gje oversikt over planlagde endringar i arealdelen, og syne kva utbyggingspotensial som ligg inne i eksisterande planar. Arealrekneskap kan også nyttast til å framheve kvalitetane på areal som vurderast eller blir foreslått omdisponert til utbyggingsføremål, og bidra til økt bevisstheit om konsekvensane av arealendringar. Bruk av arealrekneskap er i tillegg eit verktøy for å følgje utviklinga i kommunen over tid og til å vurdere om ein når dei måla ein har sett seg.

I arealrekneskapet for Åseral kommune, er det valt ut føremål som vert betrakta som særleg interessante å undersøkje i samheng med arealdelen. Arealføremåla som skal sjåast nærare på i arealrekneskapet er desse:

- Bustader
- Fritidsbustader
- Næring
- LNFR
- LNFR-areal for spreidde bustader, fritidsbustader eller næringsbygningar
- Veginfrastruktur

Kommunen vil nytta grunnlag som er tilgjengeleggjort på Agder fylkeskommune sine nettsider. På grunnlag av dette kan ein få samanstilt faktisk arealbruk med planlagt arealbruk, og få ei oversikt over ulike konsekvensar knytt til dette.

5.2 Krav om konsekvensutreiing

I samband med revisjon av arealdelen av kommuneplanen skal det utarbeidast ei konsekvensutgreiing. (jf. Pbl § 4-2 og forskrift om konsekvensutgreiingar, 2017, § 6). Utgreiinga skal undersøke om nye tiltak og endringar i planen kan få vesentlege konsekvensar for miljø eller samfunn. For arealdelen kan dette for eksempel være endra arealformål, endringar i føresegn eller andre vesentlege endringar frå gjeldande plan. Arealendringar skal vurderast enkeltvis, og samla på kommunalt nivå for å gje ein heilskapleg vurdering av konsekvensar som følge av endringane planen vil legge til rette for. Hensikta med konsekvensutgreiinga er å sørgje for at omsynet til miljø og samfunn vert ivaretatt i planlegginga. Konsekvensutgreiingar har særskilte krav til utgreiingsprosessen, innhald og saksbehandling. Dette skal bidra til at avgjer omkring arealbruk og utbygging vert tatt på eit godt kunnskapsgrunnlag.

I tabellen nedanfor kan ein sjå kva utreiingstema som er aktuelle å konsekvensutgreiast for nye eller endra arealføremål i arealdelen av kommuneplanen til Åseral.

5.3 Utreiingstema

Det er behov for å samle inn og systematisere kunnskap som kan brukast som grunnlag i utarbeiding av arealdelen. Det er valt ut enkelte tema som skal utgreiast nærare. Enkelte tema skal undersøkast, mens andre tema skal konsekvensutgreiast. Kva tema dette gjeld, visast i tabellen nedanfor. Lista i tabellen er ikkje endeleg, og det kan verte behov for justeringar.

Tabell 1: Utreiingstema i arealdelen av kommuneplanen

ID	Tema	Undersøke	Konsekvensutgreie
1	Forhaldet til overordna planar	X	
2	Vurdering av eksisterande reguleringsplanar	X	
3	Bustad, næring og fritidsbustad		X
4	Kulturminne	X	
5	Støy	X	
6	Luftkvalitet	X	
7	Trafikk	X	
8	Parkeringsbehov	X	
9	Gang- og sykkelveggar	X	
10	Anna infrastruktur	X	
11	Flaum og overvatn	X	
12	Fareområde	X	
13	Vassressursar	X	
14	Naturmangfald		X
15	Landbruk		X
16	Natur- og friluftsverdiar		X
17	Landskapsverdiar	X	
18	Klima	X	
19	Masseforvaltning	X	
20	Risiko- og sårbarheit (ROS-analyse)	X	
21	Barn og unges oppvekstvilkår	X	

5.4 Sentrale utgreiingstema

Åseral kommune vil i denne rulleringa fokusere på nokre tema og gje desse eit særskilt fokus gjennom ei utvida utgreiing, eller som eigne temaplanar:

Landbruk

Kommunen ynskjer å sjå nærmare på problemstillinga mellom ivaretaking av landbruksjord og utvikling av nye bustadar i Kyrkjebygda. For å få eit betre kunnskapsgrunnlag og føringar ved spreidd bustadbygging i Åseral skal det utarbeidast ein temaplan for landbruk.

Temaplanen tek utgangspunkt i samanstilling av eksisterande kunnskapsgrunnlag (NIBIO, lokalkunnskap, mm.) Særskilt i Kyrkjebygd (Forgard/Åsland) er det eit stort trykk på dette arealet.

Fritidsbustader

I Åseral kommune er det lagt til rette for fritidsbustader både i regulerte felt og i LNFR, innafor visse rammer. Kommunen har i dag avsett forhalddis store areal til fritidsbustader i arealdelen. I åra som kjem er det venta at det vert bygd ut fleire fritidsbustader.

På nåverande tidspunkt fungerer ikkje føresegn og retningslinjer som tar for seg fritidsbustadar optimalt. Dei største utfordringane er knytt til spreidd utbygging av fritidsbustader i LNFR-område. Det er behov for å skaffe ei oversikt over status for frådelt og bygde hytter i LNFR. Målet for dette arbeidet er å få eit godt kunnskapsgrunnlag og legge betre rammer for behandling av søknader og planar som gjeld fritidsbustader.

5.5 Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

Det er viktig å avklare omsynet til samfunnsikkerheit tidleg i planprosessen, slik at det kan gje føringar for den vidare arealplanlegginga. I arealdelen av kommuneplanen har kommunen god moglegheit til å identifisere fare og behovet for sikringstiltak i eit meir heilskapleg perspektiv. Handtering av overvatn, flaum- og skredsikring, sikring av vassforsyning og uheldig samlokalisering er døme på tema som ofte best vert sikra gjennom arealdelen. I samband med planarbeidet skal det gjennomførast ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) (jf. § 4-3 i plan- og bygningsloven.) På dette plannivået vil kartleggingar i hovudsak vere på aktsemdsnivå, og vil bygge på kommunen si overordna ROS-analyse. Områder som alt ligg inne som aktsemdsområde for skred i gjeldande arealdel vil i all hovudsak vidareførast, men for nokre område kan det vere aktuelt å kartlegge nærare for å vurdere fare meir konkret.

For LNFR område der spreidd bustad- eller fritidsbygging er tillat, vil oftast arealdelen av kommuneplanen vere siste plannivå. Dersom det vert avdekka risiko i slike område, vil det ikkje være mogleg å skyve nærare avklaringar av reell fare til byggesaka ved å sette vilkår for å innvilge byggesøknad.

06 Planprosessen – medverknad, organisering og framdrift

6.1 Medverknad

Plan- og bygningslova set krav om at kommunale planprosessar skal vera opne og føreseielege, og at alle interesser som vert påverka skal sikrast medverknad. Medverknad i samband med arealdelen, er samstundes ei god moglegheit til å engasjere politikarar, innbyggjarar, næringsliv og vitjande til å involvere seg i arbeidet med å peike ut utviklingsretningar for kommunen. Medverknad i planprosessen gir i tillegg eigarskap til planen, noko som er viktig for å kjenne lojalitet til gjennomføringa av han.

I alle fasar av planprosessen ønskjer Åseral kommune å leggje til rette for ei brei medverknad. Det skal nyttast forskjellige metodar for å involvere ulike grupper i samfunnet, slik at prosessen blir open og inkluderande. Det endelege opplegget for medverknad vil utformast i det vidare planarbeidet i tett samarbeid med Ordførar og formannskapet. Nedanfor er det lista opp døme på metodar for medverknad, som kan nyttast i forskjellige fasar av planprosessen.

- Opne dagar på Rådhuset der folk kan kome med innspel
- Workshops – invitasjon til sentrale partnarar i samfunnsutviklinga
- Arbeidsgrupper samansett av politikarar og administrasjon
- Aktiv involvering av ungdomsråd, råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne
- Lage ein plattform for innspel – både digitalt og fysisk for dei som ikkje er på nett
- Utarbeide malar for innspel
- Informasjon på digitale plattformer (nettsida til kommunen, Facebook, osv.)
- Informasjon i Åsdølen
- Bruke innsamla informasjon frå tidlegare prosessar med medverknad, særskilt frå arbeidet med samfunnsdelen
- Lage videoar som forklarar og fortel
- Regionalt planforum – sikre dialog og avklaringar mellom kommunen og overordna myndigheiter i planarbeidet. Ordførar kan og andre i formannskapet kan delta.
- Informasjon og involvering av grunneigarar
- Folkemøte med aktuelle tema som bustadbygging (spreidd, byggefelt, sentrumsnært, leilegheiter), hyttebygging (områder, spreidd, driftshytter), næringsutvikling, landbruk (jordvern, beiteareal), sentrumsutvikling, trafikksikkerheit mm.

Gjennom å gje innspel til planprogrammet kan innbyggjarar, kommunar, statlege organ og andre samfunnsaktørar vere med på å utvikle planen heilt frå byrjinga av. Forslag til planprogram vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn samstundes med varsel om oppstart og kunngjering av planarbeidet. Etter at innspela er innarbeidd skal planprogrammet fastsetjast av kommunestyret.

6.2 Organisering av arbeidet

Styringsgruppe:

Hovudutval for drift og utvikling er styringsgruppe og har det overordna politiske ansvaret for planprosessen

Styringsgruppa arbeider tett saman med administrasjonen i «lokalt planforum» som kan leggast til politisk møte.

Referansegruppe:

Formannskapet er referansegruppe og kan kome med innspel til styringsgruppa angående politiske føringar. Prosjekteigar informerer fortløpande.

Prosjekteigar:

Administrativt ansvar for gjennomføring av planprosessen er lagt til kommunedirektøren

Administrativ arbeidsgruppe/prosjektleder:

Eining for samfunnsutvikling

Prosjektleder har ansvar for:

- at planarbeidet vert gjennomført i samsvar med lovkrav og framdriftsplan,
- sikra møtepunkt og god dialog med politisk og administrativ styringsgruppe gjennom planprosessen
- sikra god godt kunnskapsgrunnlag og medverknad gjennom å:
 - identifisera og gjennomføra nødvendige kunnskapshentingar og utgreiingar,
 - gjennomføra interessentanalysar
 - at identifiserte interesser/aktørar, som vert påverka av planarbeidet, vert invitert til tidleg medverknad, dvs. i drøftingar av aktuelle tema

6.3 Framdrift

Nedanfor er det skissert ein framdriftsplan for arbeidet med planprogrammet og arealdelen. Tabellen visar gangen i planprosessen og planlagt tidspunkt for medverknad. Planen er veiledane og endringar kan skje. Dersom det vert større endringar av arealplanen etter høyring kan dette føre til behov for nye konsekvensutgreiingar og nytt offentleg ettersyn.

Tabell 2: Framdriftsplan for planprogrammet og arealdelen av kommuneplanen

Framdriftsplan																							
2023													2024										
	J	F	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D	J	F	M	A	M	J	J	A	S	O	N
Planprogram																							
Undersøking og utgreiingar																							
Lage opplegg for medverknad																							
Politisk handsaming og vedtak																							
Arealdelen til kommuneplanen																							
Undersøking og utgreiingar																							
Dialogmøte og innspel frå innbyggjarane																							
Utarbeiding av forslag til arealdelen																							

2024													2025										
	J	F	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D	J	F	M	A	M	J	J	A	S	O	N
Politisk handsaming av utkast til planforslag																							
Planforslaget sendast på høyring og offentleg ettersyn																							
Informasjonsmøte																							
Handsaming av innkomne merknader og innspel																							
Politisk handsaming og vedtak																							

Ved større endringar av planen kan det verte behov for ny KU og ny høyring, då vil politisk handsaming og vedtak utsettjast tilsvarande.

07 Viktige problemstillingar for miljø og samfunn

Ut frå arealstrategiane til kommunen og viktige overordna føringar, vert det til slutt skildra nærare problemstillingar som desse aktualiserer. I arbeidet med arealdelen ønskjer vi dialog med innbyggjarane, vitjande og andre partar om desse utfordringane.

7.1 Stadutvikling

Stadutvikling handlar om korleis ein kan gjere ein plass attraktiv for innbyggjarar, besøkande og næringsliv. Det handlar også om å skape sosialt berekraftige lokalsamfunn der innbyggjarane opplever sosial tilhøyrse, trygghet og trivsel. I tillegg er stadutvikling ein viktig faktor i det moglegheitsrommet kommunen har til å påverke den framtidige befolkningsutviklinga.

Kyrkjebygda er kommunesenteret i Åseral, og skal styrkjast som sentrum. For Kyrkjebygda gjeld ein områderegulering frå 2012 som skal vidareførast, men samtidig vil Åseral vurdere moglege tiltak i arealdelen. For å lukkast med stadutvikling bør sentrum få ei klar avgrensing der samansetjinga av arealføremåla legg til rette for næringer og tilbud som skapar liv og aktivitet. Stadlege kvalitetar som kulturminne, kulturmiljø og grønt skal utnyttast som identitetsbyggande element, og det skal leggjast til rette for gode utemiljø og møteplassar for innbyggjarar og vitjande.

Også sentrumsnære område og mindre grender og lokalsamfunn treng gode, aktivitetsskapande møteplassar. Det skal leggjast til rette for møteplassar i/ved Lognavatn grendehus og Kylland grendehus, og elles skal det være mogleg å utvikle møteplassar tilpassa lokale forhold i dei ulike grendene.



Figur 6: Minne kultursenter. Kjelde: Åseral kommune

7.2 Klima og naturfarar

Klimaendringar er ei global utfordring, og vi må vere førebudd på å handtere hendingar som følgje av ekstremvêr og gjennomføre reduksjonar i utslepp. Ein varmare, våtare og villare vêrtype vil føre til hyppigare ekstremvêr. Dette vil ha konsekvensar for areala våre, både når det gjeld den eksisterande situasjonen, og med tanke på nye utbyggingar.

I kommuneplanen ligg det i dag inne omsynssoner for flaum- og skredfare. Langs dalsidene er det fleire stader forholdsvis bratt, og enkelte førekomstar av vatn kan stundom flauma over. Å ta omsyn til desse med tanke på kor ein plassar bygg og infrastruktur, vil vere viktig vidare. Kunnskap om tidlegare naturhendingar og kva konsekvensar desse har hatt kan gje viktig informasjon. Dialog med lokalbefolkninga og det lokale foreiningslivet eller interesseorganisasjonar kan gje eit viktig bidrag til kunnskapsgrunnlaget i arbeidet med klimatilpassing. Kommunen skal vere ein trygg stad å bu med omsyn til naturfarar og eit klima i endring.

7.3 Naturmangfald

Store område av kommunen sitt areal består av naturområde. Fleire er lokalt viktige for jakt, friluftsliv og rekreasjon. Samstundes har naturen også eit mangfald som er viktig å ta vare på av omsyn til naturen i seg sjølv. Ein av dei største trugslane mot naturmangfaldet er nedbygging av natur. Gjennom arealrekneskapen kan kommunen få betre overblikk over kva naturtypar som er råka av dagens arealbruk og framtidig arealbruk, og gjev eit potensiale for å redusere arealkonflikt mellom utbyggingsbehovet og naturmangfaldet. Der nye arealføremål råkar naturmangfaldet må vitskapeleg kunnskap om no-situasjon, og kva effekt nye tiltak vil få leggjast til grunn for vurderingane. Det skal også leggjast vekt på kunnskap som er basert på generasjonar sine erfaringar gjennom bruk av og samspel med naturen, og som kan bidra til berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet.

7.4 Bygningar og landskap

Arkitektur og formgjeving er eit viktig verkemiddel for ei berekraftig utvikling. Gjennom arealdelen kan kommunen sikre estetisk kvalitet i dei bygde omgjevningane, mellom anna gjennom føringar for utforming av bygnader, anlegg, uterom og landskap. Åseral-samfunnet si historiske utvikling, naturgrunnlaget vårt og menneska sin bruk av omgjevningane påverkar korleis vi vurderer estetisk kvalitet. Ved formgjeving og plassering av byggverk må det takast omsyn til omgjevningane og den samanhengen dei opptre i.

I følgje samfunnsdelen er det framover ønskeleg å leggje til rette for busetjing i heile kommunen, med bustadar som passar ulike aldersgrupper og behova folk har. I sentrum skal det vere tilgjengeleg bustader og leilegheiter. Når det gjeld fritidsbustadar, finst det i dag litt over 2000 av desse i kommunen, der hovudtyngda er lokalisert til Bortelid, Eikerapen og Ljosland. Reiselivet knytt til fritidsbustader er ei viktig inntektskjelde for Åseral, og det vert framover satsa på å etablere hytter og hyttetomter som er tilgjengeleg for mange ulike målgrupper. Samstundes vil det vere ei viktig avveging at landbruksareal eller verdifulle landskaps- og naturområde vert teke vare på. Korleis ein skal ramme inn utviklinga av fritidsbustader i kommunen og samstundes ivareta landskapet, vil vere eit sentralt tema i arbeidet med arealdelen av kommuneplanen.



Figur 7: Utmark. Kjelde: Åseral kommune

7.5 Kulturminne

Åseral har fleire kulturminne og kulturmiljø som må takast vare på. Dei fortel om tidlegare tider, og er viktige å bevare for framtidige generasjonar. Dei styrker særpreget til Åseral og er identitetskapande.

Enkelte av kulturminna og kulturmiljøa er i dag sikra med omsynssoner i plankartet. Å vurdere omsynet til kulturminne og kulturmiljø når det kjem til framtidig arealbruk, vil vere viktig i arbeidet med arealdelen. Dette gjeld både dei som allereie ligg inne som omsynssoner i plankartet i dag, og om det eventuelt bør takast inn fleire.

7.6 Støy

På eit overordna nivå ligg Åseral slik til at det er få støykjelder som er problemfylte. Støy frå veg eller industri kan vere ei utfordring i samband med støyfølsame arealføremål. I Åseral er det hovudsakeleg områda nær hovudvegnettet som er utsett for støy frå veg. Det er likevel berre enkelte område lengst sør i kommunen som er kartlagt i raud støysoner. Det er også relativt få bygg som ligg i gul sone.

I samband med framtidig utvikling vil det samstundes vere viktig å vere oppmerksom på forskjellige støykjelder. Dette gjeld både forhold knytt til veg, men også eventuelle konflikter mellom ulike støyande verksemdar og støyfølsam arealbruk. Utbygging av bustader tett på støykjelder frå mellom anna næringsverksemd, er døme på uheldig samlokalisering av arealføremål.

7.7 Teknisk infrastruktur

Det er viktig at innbyggjarar har tilgang på trygg forsyning av drikkevatt og eit fungerande avløpsnett. Tilstrekkeleg sløkkevatn ved brann og handtering av overvann er også avgjerande for å ha ein god samla teknisk infrastruktur.

Kor ein bygger ut bustader og fritidsbustader vil ha konsekvensar for kommunen sitt investeringsbehov i offentleg infrastruktur. Gjennom bevisst arealplanlegging kan ein redusere behovet for nye investeringar. Å bygge ut område som ligg usentralt til i forhold til dagens infrastruktur kan vere kostnadsdrivande, samanlikna med stader som allereie er nærme eksisterande vatn- og avløpsleidningar.

7.8 Trafikk

Kvar ulike funksjoner er lokalisert i eit samfunn, kan ha stor innverknad på kva transportform innbyggjarane vel i kvardagen. Er det lang avstand mellom der folk bur og kor gjeremåla ligg, kan ein bli meir avhengig av bil enn om funksjonane er meir samla. Samstundes vil eit godt og trygt nettverk, både for gåande, syklande og for dei som køyrer bil, vere viktig for å gjere det attraktivt å vel dei ulike måtane å reise på.

I Åseral er det nokre stader store avstandar mellom der folk bur, og til dømes kor butikken, skulen eller arbeidsplassen ligg. Å køyre bil er ei transportform mange nyttar seg av. For at dei som køyrer skal kome seg trygt fram, er det viktig å sikre god standard på vegane. I dag er det fleire smale og bratte vegstrekningar i kommunen. I arealdelen vil det vere aktuelt sjå framtidig utvikling opp mot eventuell utbetring av vegareal for å auke trafikktryggleiken. Ifølge samfunnsdelen skal det vidare arbeidast for gode gang- og sykkelveggar. Å skape eit godt og tilgjengeleg kollektivtilbod i heile Åseral er også eit mål. Samstundes må løysningar knytt til ulike transportformer tilpassast distriktet. Kor ein planlegg for ulike arealformål, og korleis desse plasserer seg i forhold til kvarandre vil i den samanheng vere viktig.



Figur 8: Hyttefelt. Kjelde: Åseral kommune